

Badetemperatur: 18 grader!

02.07.2008



Fastbuande som nyt sola og badestranda: Kjell Magne (Haugland), Hilde og Adrian (snart 8).

Sanneleg kom sommaren tilbake, og det er berre å nyta han mens han er her: Den sist oppdaterte melding frå observatør Åse Neset på Neset gikk ut på at badetemperaturen var 18 grader klokka 17 onsdag ettermiddag.

Og korkje uskedalingane eller andre nølte. Rundt klokka 17 talte vi rundt regna 40 badande på og omkring badestranda.

Til og med tyske turister hadde blanda seg med fastbuande og norske feriegjester.

Og torsdag kjem temperaturen opp i 20 – kanskje???

PS: Allereie klokka 19 onsdag var temperaturen oppe i 20!



Vasstemperaturen er minst 18 og uskedelingane nyt det! (Foto: Ola Matti Mathisen)